

MØTEBOK ODDA FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 11. mars 2019 kl. 1800-1930

Stad: Joker Skarsmo

Desse møtte: Eivind Tokheim, John Helge Rasmussen, Britha Sandal, Ørjan Angell og Mariann Nordstoga Berge (frå sak 3/19)

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær),

Saker til styremøtet:

OFS 02/19: Rekneskap 2018

OFS 03/19: Årsmelding 2018

OFS 04/19: Møteplan 2019

OFS 05/19: Prisar 2019

OFS 06/19: Planlegging hyttekafé

OFS 07/19: Rutinar/reglar for overføring av jaktkort

OFS 08/19: Informasjon frå møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning

OFS 09/19: Informasjon om CWD og kvoteforslag

OFS 10/19: Eventuelt

Eivind Tokheim/s/ John Helge Rasmussen/s/

Mariann Nordstoga Berge/s/

Britha Sandal/s/

Ørjan Angell/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varmedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

OFS 02/19: Rekneskap 2018

Saksdokument:

- 02-19 Resultat 2018
- 02-19 Balanse 2018

Saksutgreiing:

Rekneskapen er sendt til revisor, men revisjonen er ikkje gjennomført enno. Rekneskapen må godkjennast med atterhald om godkjenning frå revisor.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort gjennomgang av rekneskapen. Eivind Tokheim kom med framlegg om at fjellstyret godkjenner rekneskapen med atterhald om godkjenning frå revisor. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak OFS 02/19):

Odda fjellstyre godkjenner rekneskap 2018 med atterhald om godkjenning frå revisor.

Samrøystes vedteke.

OFS 03/19: Årsmelding 2018

Saksdokument:

- 03-19 Utkast årsmelding 2018

Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding 2018 ligg vedlagt.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var ingen merknadar til utkast til årsmelding.

Vedtak (sak OFS 03/19):

Fjellstyret vedtek årsmelding 2018. Samrøystes vedteke.

OFS 04/19: Møteplan 2019

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Ullensvang fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning legg opp til møte i veke 19 (6.-10. mai) og 45 (4.-8. november). Odda fjellstyre kan med fordel legge opp til møte i dei same vekene.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om å legge opp til møte i dei same vekene (19 og 45) som Fellesstyret og Ullensvang fjellstyre.

Vedtak (sak OFS 04/19):

Fjellstyret legg opp til møte i veke 19 og 45.

OFS 05/19: Prisar 2019

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Prisar 2018:

	Prisar 2018	
	Pris pr. døgn pr. person*	Pris ved utleige av heile hytta*
Langabassbu	100	400
Bjørnavassbu del nord	100	400
Bjørnavassbu del sør	100	400
Belebu stor del	100	400
Belebu liten del	100	200

*Dobbel pris for utanbygdsbuande.

	2018
Fritt dyr	1900,-
S/u	1200,-
Kalv	600,-

Fjellstyret må ta stilling til prisar for 2019.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om å ha dei same utleigeprisane som i 2018, men å endre prisen for utanbygdsbuande til 50 % meir enn for innanbygdsbuande.

Fjellstyret ynskjer at det skal vera mogleg å leige enkeltseger i hyttene. Den store etterspurnaden etter Belebu i sommarvekene gjer at praksis for den hytta blir å leige ut heile rom fram til reinsjakta.

Vedtak (sak OFS 05/19):

Fjellstyret vedtek fyljande prisar for 2019:

	Prisar 2019	
	Pris pr. døgn pr. person*	Pris ved utleige av heile hytta*
Langabassbu	100	400
Bjørnavassbu del nord	100	400
Bjørnavassbu del sør	100	400
Belebu stor del	100	400
Belebu liten del	100	200

* 50 % tillegg for utanbygdsbuande

Det er opning for å leiga enkeltssenger i hyttene både sommar og haust. Den store etterspurnaden etter Belebu i sommarvekeane gjer at praksis blir å leige ut heile rom i den hytta før reinsjakt.

Samrøystes vedteke.

OFS 06/19: Planlegging hyttekafé

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Jf. sak 37/18 på møte i november 2018 ynskjer fjellstyret eit møte med brukarane av hyttene før sesongen 2019.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Fjellstyret ynskjer å unngå at det er dei same personane som leiger fleire år på rad når det er stor etterspurnad etter hyttene. For å unngå dette ynskjer fjellstyret å få inn opplysningar om kven som skal vera med på turen i søknaden om leige. Sekretær og fjellstyreleiar lagar eit utkast til søknadsskjema som blir sendt ut til styremedlemmene.

Det blir invitert til eit møte i kommunestyresalen torsdag 28. mars kl. 1800 for å diskutere utleigeordninga med brukarane av hyttene. Det blir informert om dette på heimesida, facebook og med plakatar.

Vedtak (sak OFS 06/19):

Fjellstyret gjennomfører møte og søknadsprosedyre i tråd med referatet.

OFS 07/19: Rutinar/reglar for overføring av jaktkort

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det har kome inn ynskje om ein gjennomgang av rutinar/reglar for overføring av jaktkort i jakta.

Tildeling av reinskort er enkeltvedtak etter fjellova § 24. Dersom fjellstyret skal ha ei opning for overføring av reinskort må det gjerast vedtak om det før jakta. Tilsvarande må ordning med kortretur og vidareasal av kort vedtakast før jakta. Eventuell overføring av kort mellom jeger på opplæringsjakt og tilsynsperson må også gjerast vedtak om før jakta.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Praksis for overføring av kort i siste del av jakta blei diskutert. Fjellstyret ynskjer å ta dette opp som ei sak før årets jakt.

Vedtak (sak OFS 07/19):

Fjellstyret tek opp overføring av kort som sak på eit møte før reinsjakta.

OFS 08/19: Informasjon frå møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Gjennomgang på møtet. [Sakslista til møtet i Fellesstyret 4. mars.](#)

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort gjennomgang av møtet i Fellesstyret 4. mars.

Vedtak (sak OFS 08/19):

Styret tek orienteringa til etterretning.

OFS 09/19: Informasjon om CWD og kvoteforslag

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Gjennomgang på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kvoteforslag frå villreinutvalet blei sendt ut på e-post til styremedlemmene før møtet. Frist for å senda inn høyringssvar er 27. mars.

Eivind Tokheim kom med framlegg om at han lagar eit utkast til høyringssvar som blir sendt ut til styret til gjennomlesing. Styret stilte seg bak dette.

Vedtak (sak OFS 09/19):

Eivind Tokheim lagar eit utkast til høyringssvar som blir sendt ut til styret til gjennomlesing. Samrøystes vedteke.

OFS 10/19: Eventuelt

John Helge Rasmussen kom med framlegg om å opne for vinterutleige av fjellstyrehyttene. Kort diskusjon om føremoner og ulemper ved vinterutleige. Det var ikkje semje i fjellstyret om å opne for vinterutleige. Ved stemmegjeving fekk framlegg om å opne for vinterutleige to røyster (John Helge Rasmussen og Eivind Tokheim), mot tre røyster for å ikkje opne for vinterutleige (Britha Sandal, Ørjan Angell og Mariann Nordstoga Berge).

John Helge Rasmussen tok opp at det er behov for å kjøpe inn nye årehaldarar til båtane ved Bjørnavassbu. Det var semje i styret om at det som trengs av utstyr til båtane må kjøpast inn, og at John Helge får fullmakt til å kjøpe det som trengs.

Sal av tilhengaren fjellstyret eig blei teke opp. Det var semje om å leggja ut ei annonse på Facebook med utropspris 3.000,-. Mariann Nordstoga Berge tek seg av dette.